



Høgskulen
på Vestlandet

Til deg som har fått opptak på bachelor i geologi og geofare,

Velkommen til oss!

Du har valgt ei bachelorutdanning med mange spennande ekskursjonar, og allereie 4. september skal du reise på ein tre-dagars tur til Sognefjellet med overnatting på Sognefjellshytta. På turen skal du lære om berggrunnsgeologien på Sognefjellet, få ei betre forståing for prosessane som formar eit alpint landskap, utforske grottene i Dumdalen og på brevandring. Det er viktig at du har med personleg utstyr for ein slik tur. Difor er det lurt at du tar med deg følgjande til Sogndal:

- Regntøy
- Skikkeleg fottøy
- Varme klede (ullundertøy, lue osv.)
- Hovudlykt
- Solbriller
- Liten dagstursekk

Dersom du har spesielle behov vi bør ta omsyn til under ekskursjonen, er det berre å ta kontakt med førelesar når du kjem til Sogndal. Då finn vi ei løysing.

I første kurs skal du også lære å bestemme mineralinnhald i forskjellige bergartar. Her treng du ei god håndlupe. Viss du vil kjøpe lupe før studiestart, bør du skaffe deg ei med minimum 10 gonger forstørring, så som desse: [Dobbeltlupe 10-20 ganger forstørrelse - Naturens Mangfold AS](#)
[Luper og forstørrelsesglass fra Nikon og Opticron](#)

Du skal også bruke hammar i fleire kurs i løpet av utdanninga og der anbefaler vi ein som liknar desse: [Hammar frå Naturhistorisk museum](#)
[Hammar frå Biltema](#)

Dersom du skal kjøpe deg ny PC tog kalkulator til studiestart, så finn du anbefaling til kva du skal kjøpe her: [Krav til utstyr - Høgskulen på Vestlandet \(hvl.no\)](#)

Pensumbøker:

Dei første emna du skal ta hausten 2024 er GE406 Geologi grunnkurs og MA414 Matematikk naturfag. Vi anbefalar sterkt at du kjøper inn pensumbok på førehand så du slepp å vente på bestilling av bøkene når emna har starta. Bøkene du treng er:

GE406 Grunnkurs geologi: [Essentials of geology](#) av Frederick K. Lutgens (12.utgåve frå 2015)

MA414 Matematikk naturfag: [Mathematics for Engineers](#) av Anthony Croft og Robert Davison (5.utgåve frå 2019, tidlegare utgåver kan også brukast).

Har du spørsmål om sjølve studiet før studiestart eller lurar du på korleis studentlivet i Sogndal er?

Jonny vil gjerne svare deg! Han er student på Geologi og Geofare og skal ta til i 3. klasse frå hausten. Du kan kontakte han på mobil eller e-post!



Hei! Jeg heter Jonny og studerer Geologi og geofare ved HVL. Jeg er veldig glad i å klatre, stå på ski, og spille sjakk! Jeg begynte her i 2022.

Epost: Jonnyrichey@gmail.com

Telefon: 92020348

Søk opp Yggdrasil på sosiale medium for å få eit inntrykk av korleis det er å vere student i Sogndal. Som ny student ved institutt for bygg, miljø- og naturvitskap er du velkomen til å bli med linjeforeininga (Studentforeining) Yggdrasil.

ME GLER OSS TIL Å MØTA DEG!